

## Møteinncalling

<b>Utval:</b>	Fylkesvalstyret for Vestland
<b>Møtestad:</b>	Videomøte frå fylkeshuset i Bergen, Førde og Leikanger
<b>Dato:</b>	30.08.2019
<b>Tid:</b>	11:00

Du vert med dette kalla inn til videomøte i fylkesvalstyre fredag 30.august kl 11.00

Møterom: Fylkesutvalsalen på fylkeshuset i Bergen, Sygna på fylkeshuset i Leikanger og Hafstad på fylkeshuset i Førde

### ***Slik deltek du på møtet:***

Frå nettlesar (Chrome): <https://vm.hfk.no/?conference=fuvsalen@vm.hfk.no>

Frå Skype for Business (Lync): <sip:fuvsalen@vm.hfk.no>

Frå videokonferansesystem: 'fuvsalen@vm.hfk.no'

Frå videoklient eller Skype: 'fuvsalen@vm.hfk.no'

Frå telefon: (+47) 570 007 98 Konferanse-ID: 55239082#

#### **VIKTIG INFORMASJON:**

Logg på møtet i god tid, sjekk at eige utstyr fungerer som det skal. Til dømes at det er rett kamera som er i bruk.

Bruk "headset" når du deltek frå PC/nettbrett. Steng eigen mikrofon når du ikkje snakkar.

#### **Program**

Kl. 11.00      opning,  
                  saksbehandling

Dersom nokon av utvalet sine medlemmer ikkje kan møta og må melda forfall, vert dei bedne om å gjere dette snarast ved å fylle ut skjemaet på [www.hordaland.no/forfall](http://www.hordaland.no/forfall).

Innkallinga gjeld valde medlemmer i Fylkesvalstyret for Vestland. Ved eventuelt forfall frå faste medlemmer vil varamedlemmer bli kalla inn særskilt.



Anne Gine Hestetun  
leiar

## Sakliste

<b>Utvals- saknr</b>	<b>Innhald</b>	<b>Arkiv- saknr</b>	<b>U.Off.</b>
PS 5/19	Godkjenning møteinnkalling og sakliste		
PS 6/19	Godkjenning møteprotokoll fylkesvalstyre for Vestland 23.05.19	2019/3389	
PS 7/19	Referatsaker (skriv og meldingar)		
RS 2/19	Orientering om motteke valliste frå Alliansen	2019/9964	
PS 8/19	Fylkestingsvalet 2019 - Oppnemning av arbeidsutval til kontrollteljing og fullmakter.	2019/15914	
PS 9/19	Ymse		

**PS 5/19 Godkjenning møteinnkalling og sakliste**

**Utval:** Fylkesvalstyret for Vestland  
**Møtestad:** , Scandic Hotel Ørnen, Bergen  
**Dato:** 23.05.2019  
**Tidspunkt:** 09:30-09:45

**Følgjande faste medlemmer møte:**

Namn	Funksjon	Representerer
Anne Gine Hestetun	Leiar	
Roald Kvamme	Medlem	A
Kari Sørensen Bernardini	Medlem	A
Helge Nævdal	Medlem	A
Synnøve Solbakken	Medlem	A
Åshild Kjelsnes	Medlem	A
Mona Røsvik Strømme	Medlem	H
Silja Ekeland Bjørkly	Medlem	H
Nils Marton Aadland	Medlem	H
Bjørn Erik Hollevik	Medlem	H
Terje Søviknes	Medlem	FRP
Roald Stenseide	Medlem	FRP
Pål Kårbø	Medlem	KRF
Trude Brosvik	Medlem	KRF
Benthe Bondhus	Medlem	SP
Jenny Følling	Nestleiar	SP
Sigurd Erlend Reksnes	Medlem	SP
Aud Karin Oen	Medlem	SV
Tom Sverre Tomren	Medlem	KRF
Anne Beth Njærheim	Medlem	V

**Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:**

Namn	Funksjon	Representerer
Hilmar Høl	Medlem	A
Gunhild Berge Stang	Medlem	V
Helen Hjertaas	Medlem	A
Alexander Øren Heen	Medlem	SP

**Følgjande varamedlemmer møte:**

Namn	Møtte for	Representerer
Karianne Torvanger	Hilmar Høl	A
Torbjørn Vereide	Helen Hjertaas	A

**Merknader**

Marita Aarvik (FRP) var kalla inn som vara for Gunhild Berge Stang (V), men møte ikkje.  
 Det var ingen vara tilgjengeleg for Alexander Øren Heen (SP).

Frå administrasjonen møte:

Namn	Stilling
Rune Haugsdal	Prosjektleiar
Tore Eriksen	Fylkesrådmann Sogn og Fjordane
Thorbjørn Aarethun	Seniorrådgjevar, Hordaland
Bård Sandal	Fylkesdirektør for regional utvikling
Anne-Kjersti Stenehjelm	Seniorrådgjevar, Sogn og Fjordane

Bertil Søfteland  
Anita Fjellheim  
Hilde Mæland  
Jan Erik Angelsgård  
Bjarte Brask Eriksen  
Bjarte Johansen  
Håvard Fjellander Rolland  
Petter Lem Gullestad  
Silje Lyngstad

Leiar fylkessekretariatet, Hordaland  
Spesialkonsulent, Hordaland  
Leiar kommunikasjonsseksjon, Hordaland  
Spesialrådgjevar, IT-seksjon, Hordaland  
Seniorrådgjevar, Hordaland  
IKT-konsulent, Sogn og Fjordane  
IKT-konsulent, Sogn og Fjordane  
Spesialrådgjevar, Hordaland  
Rådgjevar, Hordaland

Silje Lyngstad  
Møtesekretær

## Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off.
PS 1/19	Godkjenning møteinnkalling og sakliste		
PS 2/19	Referatsaker (skriv og meldingar)		
RS 1/19	Fylkestingsval 2019 - gjennomføring av oppteljing	2015/1434	
PS 3/19	Ymse		
PS 4/19	Fylkestingsvalet 2019- Vestland fylkeskommune. Godkjenning av lister.	2019/9937	

### PS 1/19 Godkjenning møteinnkalling og sakliste

#### Saksprotokoll i Fylkesvalstyret for Vestland - 23.05.2019

Møteinnkallinga og saklista vart godkjent utan merknader.

### PS 2/19 Referatsaker (skriv og meldingar)

#### Saksprotokoll i Fylkesvalstyret for Vestland - 23.05.2019

RS 1/2019 vart referert.

### RS 1/19 Fylkestingsval 2019 - gjennomføring av oppteljing

### PS 3/19 Ymse

#### Saksprotokoll i Fylkesvalstyret for Vestland - 23.05.2019

Intet til ymse.

## **PS 4/19 Fylkestingsvalet 2019- Vestland fylkeskommune. Godkjenning av lister.**

### **Forslag til vedtak**

Følgjande innkomne listeforslag, slik dei ligg føre i vedlegg til saka vert godkjende som offisielle vallister ved fylkestingsvalet 2019 i Vestland med desse overskriftene:

Kristeleg Folkeparti  
Senterpartiet  
Sosialistisk Venstreparti  
Rødt  
Piratpartiet  
Pensjonistpartiet  
Arbeidarpartiet  
Fremskrittspartiet  
Miljøpartiet De Grønne  
Partiet De Kristne  
Høgre  
Venstre  
Helsepartiet  
Norges Kommunistiske Parti  
Folkeaksjonen Nei til mer bompenger  
Demokratene  
Liberalistene

### **Saksprotokoll i Fylkesvalstyret for Vestland - 23.05.2019**

### **Røysting**

Det var 22 representantar til stades.

Prosjektlear sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

Følgjande innkomne listeforslag, slik dei ligg føre i vedlegg til saka vert godkjende som offisielle vallister ved fylkestingsvalet 2019 i Vestland med desse overskriftene:

Kristeleg Folkeparti  
Senterpartiet  
Sosialistisk Venstreparti  
Rødt  
Piratpartiet  
Pensjonistpartiet  
Arbeidarpartiet  
Fremskrittspartiet  
Miljøpartiet De Grønne  
Partiet De Kristne  
Høgre  
Venstre  
Helsepartiet  
Norges Kommunistiske Parti  
Folkeaksjonen Nei til mer bompenger  
Demokratene  
Liberalistene

**PS 7/19 Referatsaker (skriv og meldingar)**

**RS 2/19 Orientering om motteke vallyste frå Alliansen**

Alliansen v/Hans Lysglimt Johansen  
Solveien 110C  
1162 OSLO

Dato: 11.07.2019  
Vår ref.: 2019/9937-54  
Saksbehandlar: anifjel  
Dykkar ref.:

## Informasjon om innlevert forslag til valliste for Alliansen ved fylkestingsvalet 2019 i Vestland fylkeskommune

Fylkesvalstyret for Vestland fylke mottok 25. mars 2019 Alliansen sitt forslag til valliste for fylkestingsvalget 2019.

I vedlegg til forslaget heiter det at «*Ytterligere navn og underskrifter ettersendes senest 24. april 2019.*» Alliansen sende aldri slik ytterlegare dokumentasjon. Innlevert listeforslag tilfredsstiller ikkje valglova sine krav til listeforslag når det gjeld tal kandidatnamn eller tal underskrifter, jf. valglova §§ 6-2 og 6-3.

Ved ein feil har innlevert listeforslag blitt journalført utan at det er blitt fordelt til ein saksbehandlar. Vi beklagar difor at vi ikkje har kunne informere om manglane ved listeforslaget og at listeforslaget ikkje vart behandla i fylkesvalstyret sitt møte 23. mai 2019. Fristen for å godkjenne listeforslag er 1. juni (dvs. 3. juni i år), jf. valgloven §§ 6-6 (2) og 15-5 (3). Dette inneber at det ikkje lenger er høve til å godkjenne listeforslag.

Etter valglova § 13-2 (1) kan alle med røysterett klage over omstende i samband med førebuinga og gjennomføringa av fylkestingsvalet i det fylket vedkomande er manntallsført,

Ei klage må fremjast seinast innan sju dagar etter valdagen, eller innan sju dagar etter at valoppgjeret er godkjend dersom klaga gjeld valoppgjeret, jf. valglova § 13-2 (2). Det vert oppmoda om at ei eventuell klage fremjast snarast.

Klaga skal vere skriftleg og setjast fram for fylkesvalstyret, jf. valglova § 13-2 (3).

Adressa er:

Fylkesvalstyret for Vestland  
Hordaland fylkeskommune  
Postboks 7900  
5020 Bergen

e-postadressa er: [hfk@hfk.no](mailto:hfk@hfk.no)

Petter Lem Gullestad  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*



Arkivnr: 2019/15914-1  
Saksbehandlar: Sigrid H Aardal

**Saksframlegg**

<b>Saksgang</b>	Saknr.	Møtedato
Utval		
Fylkesvalstyret for Vestland	8/19	30.08.2019

**Fylkestingsvalet 2019 - Oppnemning av arbeidsutval til kontrollteljing og fullmakter.****Samandrag**

Etter forskrift av 02.05.2018 om gjennomføring av val til fylkestinget i 2019 har fellesnemnda for Vestland fylkeskommune i sak vald fylkesvalstyret for fylkestingsvalet 2019. Fylkesvalstyret består av fellesnemnda sine medlemmer. Talet på medlemmer i fylkesvalstyret er 24. Det vil kunna vera vanskeleg å få samla eit slikt stort tal medlemer dersom det skulle vera naudsynt ved kontrollteljinga som skal gjennomførast.

Etter vallova skal fylkesvalstyret kontrollera gjennomføringa av fylkestingsvalet og m.a. kontrolltelja røystesetlane frå alle kommunane i det nye fylket. For at ikkje arbeidsmengda skal bli for stor for fylkesvalstyret, blir det i saka foreslått å nemna opp arbeidsutval som kan stå for kontrollen som blir fordelt over fleire dagar og i nært samarbeid med Bergen kommune.

Forslag til medlemer til arbeidsutvala er sette opp. Dersom det er naudsynt for nokon å endre på den dagen ein er foreslått sett opp må ei eventuell endring ordnast mellom medlemene og partigruppene. Eventuelle endringar må vera klare før handsaming av saka i møte.

Tilbakemelding om endringar må meldast til Anita Fjellheim, fylkessekretariatet (tlf. 55 23 90 15 eller e-post: [folkevalde@hfk.no](mailto:folkevalde@hfk.no)) innan tysdag 27. august.

**Forslag til vedtak**

1. Arbeidsutvala får fullmakt til å førebu fylkesvalstyret sin kontroll med gjennomføringa av fylkestingsvalet 2019 og i samband med det ta avgjerd i enkeltsaker og type av saker som ikkje er av prinsipiell rekkevidde.
2. Fylkesvalstyret nemner opp følgjande arbeidsutval i samband med kontroll av gjennomføringa av fylkestingsvalet 2019:
  - a) Arbeidsutval onsdag 11.09.2019
    1. Roald Kvamme (A)
    2. Bente Bondhus (SP)
    3. Pål Kårbø (Krf)
    4. Bjørn Erik Hollevik (H)
    5. Roald Stenseide (Frp)

- b) Arbeidsutval torsdag 12.09.2019
    - 1. Kari Sørensen Bernardini (A)
    - 2. Synnøve Solbakken (A)
    - 3. Sigurd Erlend Reksnes (SP)
    - 4. Nils Marton Aadland (H)
    - 5. Tom Sverre Tomren (Krf)
  
  - c) Arbeidsutval fredag 13.09.2019
    - 1. Helge Nævdal (A)
    - 2. Åshild Kjelsnes (A)
    - 3. Aud Karin Oen (SV)
    - 4. Mona Røsvik Strømme (H)
    - 5. Anne Beth Njærheim (V)
3. Fylkesrådmannen får mynde til å ta avgjerer ved prøving av røystesetlar i alle saker som er kurante. Fylkesrådmannen kan delegere mynde vidare.

Rune Haugsdal  
prosjektleder

Bertil Søfteland  
leder fylkessekretariatet

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

**Prosjektleder, 20.08.2019**

Valdagen er 9. september. Etter vallova § 10-9 skal fylkesvalstyret kontrollere gjennomføringa av fylkestingsvalet på grunnlag av det materialet som blir sendt over frå kommunane. Dersom fylkesvalstyret finn feil ved valstyra sine avgjerder om å godkjenne eller vraka røystegjevingar eller røystesettlar, eller feil med opteljinga, skal feila rettast.

Kommunelova § 10 nr.4 ( ny komml. § 5-1,e ) opnar opp for at det kan opprettast arbeidsutval som kan få tildelt avgjerdsmynde.

Noverande komml. lyd:

*«Utvalget kan gi lederen eller et arbeidsutvalg myndighet til å treffe vedtak i enkeltsaker eller i typer av saker som ikke er av prinsipiell betydning, viss ikke kommunestyret eller fylkestinget har bestemt noe annet».*

Ny komml.( ikraft frå valdagen):

*«Utvalget kan gi lederen eller arbeidsutvalget myndighet til å treffe vedtak i saker som ikke har prinsipiell betydning, hvis ikke kommunestyret eller fylkestinget selv har bestemt noe annet. Kommunedsutvalg kan i tillegg gi lederen av administrasjonen i kommunedelen tilsvarende myndighet.»*

Kommunelova § 23. nr.4 (ny komml. § 13-1) opnar opp for at prosjektleder kan få tildelt avgjerdsmynde slik:

*«Kommunalt og fylkeskommunalt folkevalgt organ kan gi administrasjonssjefen myndighet til å treffe vedtak i enkeltsaker eller typer av saker som ikke er av prinsipiell betydning, hvis ikke kommunestyret eller fylkestinget har bestemt noe annet.»*

Ny komml.( ikraft frå valdagen):

*«Et folkevalgt organ kan gi kommunedirektøren myndighet til å treffe vedtak i saker som ikke har prinsipiell betydning, hvis ikke kommunestyret eller fylkestinget selv har bestemt noe annet.»*

Valdirektoratet har i samband i brev gjeve tilbakemelding om korleis fylkesvalstyret sine oppgåver skal ivaretakast når det gjeld samanslåing av fleire fylkeskommunar. Deira svar baserer seg på uttale frå kommunal- og beredskapsdepartementet om dette. Der går det fram at fylkesvalstyret skal ha tilsyn med kontrollteljinga som vert gjort.

For at fylkesvalstyret sine oppgåver etter vallova skal ivaretakast finn ein det føremålstenleg at det vert oppretta underutval som tek i vare denne oppgåva i samband med kontrollteljinga. For at arbeidsmengda og tidsbruk for medlemane ikkje skal verta for stor vil ein rå til at det vert sett ned 3 arbeidsutval med 5 medlemmer frå fylkesvalstyret i kvart utval. Utvala møter kvar sin dag kontrollteljinga varer. Dersom kontrollteljinga ikkje er ferdig til fredag 13.september og opteljing må skje laurdag og sundag er det det arbeidsutvalet som skal ivareta oppgåva fredag som ivaretek oppgåva desse dagane.

Arbeidsutval som nemnd over bør få fullmakt til å førebu kontrollen med gjennomføringa av fylkestingsvalet, og ta stilling til enkeltsaker og spørsmål som kjem opp i samband med kontrollen. Opplysningar om praktiske forhold knytt til dette vil vera sendt arbeidsutvala sine medlemmer nærare valdagen.

Prosjektleder vil opplysa at ordninga med slike arbeidsutval ved kontrollteljing har vore praksis ved svært mange val i Hordaland fylkeskommune, og ein har god erfaring med at dette er ein ordning som har fungert godt.

### Kort om gjennomføring av kontrollteljing.

Fylkeskommunen har inngått eit samarbeid med Bergen kommune bl.a. når det gjeld oppteljing av røystesetlar. Dette har vore slik for alle vala sidan valet i 2003. Tidlegare har Hordaland fylkeskommune og Bergen kommune og samarbeida når det gjeld sjølvve valsysteemet som vart nytta. Ved stortingsvalet i 2013 vart dette endra i og med at det er utarbeidd eit sentralt valsysteem, EVA frå Kommunal – og regionaldepartementet som vert nytta for kontroll og valoppgjjer.

Røystesetlane vert talde maskinelt (skanna) og overført valsysteemet EVA som ivaretek opplysningane og registrerer det som er naudsynt for å føreta eit valoppgjjer. Systemet registrerer endringane på listene. Det vil seie at det blir registrert kor mange personrøyster den enkelte får og nummerrekkefølga av kandidatane. Når det gjeld praktisk gjennomføring av kontrollteljinga vert den tekniske tenesta vedrørande bruk av maskiner/system/personale gjennomført i samarbeid med Bergen kommune, men slik at det skjer under fylkesvalstyret sitt oppsyn.

Etter vallova skal kommunane telje røystesetlane 2 gonger, først ei grovteljing (som i større kommunar skjer hos stemmestyra) og ei finteljing (endelig teljing), deretter skal fylkesvalstyret kontrolltelja fylkestingsvalet frå alle kommunane.

Kontrollteljinga og gjennomgangen av møtebøkene frå valstyra må skje når valoppgjjeret er kome inn frå kommunane. Dette regnar vi med å få inn onsdag. Alle røystesetlane frå kommunane skal teljast på nytt av fylkesvalstyret. Dette vil då skje onsdag, torsdag og fredag. Det er vanskeleg å anslå kor lang tid denne teljinga (skanninga) /kontrollen vil ta. Dersom ein ikkje vert ferdig med kontrollteljinga fredag må ein forsetja laurdag og sundag. Valstyra sine møtebøker frå kommunane må og kontrollerast. Kontroll og teljing vil gå føre seg i Bergen kommune sine lokaler.

Når kontrollteljing er ferdig kan valoppgjjeret ta til. I møteplanen er det lagt opp til at fylkesvalstyret 18. september føreteek endeleg valoppgjjer. Administrasjonen vil då ha kort tid på seg til å få alle resultat og merknader/forklaringar inn i møteboka.

Opplegget som skissert over føreset at arbeidsutvalet kan vera til stades i Bergen kommune sine lokaler når møtebøkene frå valstyra skal gjennomgåast og røystesetlane teljast. Det bør rasjonaliserast slik at ikkje heile fylkesvalstyret blir bunde opp over fleire dagar. Det er difor lagt opp til 15 av medlemene i fylkesvalstyret vert delt i tre arbeidsutval slik at det i utgangspunktet er fem medlemmer til stades under teljingane. Minimum må det vera tre kvar dag. Dette for at ein skal vera vedtaksfør.

Medlemene i den enkelte arbeidsutvala må vera til stades i Bergen kommune sine lokaler den dagen dei er sett opp. Dersom det er naudsynt for nokon å endre på den dagen ein er føreslått sett opp, må ei eventuell endring ordnast mellom medlemene og partigruppene sjølvve, slik at endringane er klare før handsaming av saka tek til.

Tilbakemelding om endringar må meldast til Anita Fjellheim, fylkessekretariatet (tlf.: 55 23 90 15 eller e-post: folkevalde@hfk.no) innan tirsdag 27.08.

Det er fylkesvalstyret som skal godkjenne forkasta røystesetlar og røystegjevingar, på lik line med resten av valoppgjjeret. Systemet som direktoratet har er lagt opp slik at dei forkasta røystesetlane må godkjennast før valoppgjjeret kan produserast. Samtidig er det ikkje moglegheit for å gjere endringar på dei forkasta røystesetlane etter at dei er godkjent.

Røystesetlar vert føreslått forkasta jf. Vallova § 10-3 dersom dei:

- Ikkje har offentleg stempel
- Det ikkje er klart kva val røystesetelen gjeld
- Det ikkje er klart kva parti eller gruppe veljaren har stemt på
- Partiet eller gruppa ikkje stillar liste i fylket.

Vilkår er kumulative, det vil seie at alle vilkåra må vere oppfylte for at røystesetelen kan godkjennast. Vedlagt saka er retningsliner som er under utvikling for å sjå til at vilkår over vert heldt og at ein ikkje føreslår å forkaste røystesetlar som skal godkjennast. Retningslinene vert utarbeida i samarbeid med Bergen kommune.

Ei oversikt over dei forkasta røystesetlane for kvar kommune kjem fram i valoppgjeret som det samla fylkesvalstyret skal godkjenna. Dei forkasta røystesetlane vert fordelt på kva vilkår som ikkje var oppfylt jamfør vallova § 10-3.

Prøving av dei forkasta røystesetlane bør gjerast fortløpande for å få ein effektiv prosess og sjå til at valoppgjeret vert klart så snart som mogleg. For å unngå at valoppgjeret vert utsett vert det anbefalt at prosjektleiar får delegert mynde til å ta avgjersler ved prøving av røystesetlar i alle sakar som er kurante og at prosjektleiar kan delegere mynde vidare. Det vil seie alle saker som er klart innanfor dei fire vilkåra over. Dette har vore praksis ved tidlegare val. Erfaring visar at det er få røystesetlar der ei avgjerd ikkje kan takast på bakgrunn av dei 4 grunnane over.

Kommunelova § 23 nr.4 gir «*kommunalt folkevalgt organ mulighet til å gi administrasjonssjefen myndighet til å treffe vedtak i enkeltsaker eller typer av saker som ikke er av prinsipiell betydning, hvis kommunestyret ikke har bestemt annet*». Kommuneloven opererer med omgrepa «*enkeltsaker og saker som ikke er av prinsipiell betydning*». Avgjerder i desse typar saker kan delegerast til administrasjonssjefen dvs. prosjektleiar i Vestland fylkeskommune. Dette omfattar saker som vert prega av lite skjønn, og er avgrensa til røystesetlar som kan godkjennast eller openbart forkastast jamfør vallova § 10-3. Avgjerder som ikkje er kurante skal leggest føre arbeidsutvalet til handsaming.

## Rutiner for verifisering 2019:

### 1. Stempel

Stemmesedler som har hele eller deler av stempel innenfor den hvite firkanten på seddelens bakside, godkjennes.

Dersom stempel kan ses i skjermbildet (selv om det er stemplet utenfor det hvite feltet), godkjennes stemmeseddelen. Hvis verifiserer er usikker på om det er stempel på seddelen, må papirseddel letes frem.

Blanke ark med stempel godkjennes.

### 2. Feltet for seddelnummer som identifiserer parti

Dersom feltet for seddelnummer ikke kan leses maskinelt, må parti registreres manuelt i verifiseringsprosessen.

### 3. Feltet for seddel-ID (seddelens løpenummer)

Dersom en seddel ved en feil er skannet 2 ganger, kommer den til verifisering. Dersom duplikatet er 100 % identisk med stemmeseddelen, skal duplikatet forkastes.

Det er lovlig å ta med kopi av en stemmeseddel. Ved verifisering av duplikat/kopier, må det kontrolleres om duplikatet avviker fra «originalen», f.eks. ved at stempelet er annerledes plassert. Ved avvik skal stemmeseddelen godkjennes. Dette gjelder også for generelle stemmesedler.

### 4. Feltet for avkryssing for personstemmer

Alle dekningsgrader i dette feltet skal oppfattes som kryss/personstemme. Dersom det ser ut som om velger har prøvd å stryke ut et kryss, skal dette likevel tolkes som personstemme med mindre andre kryss på seddelen gir klart uttrykk for at det som er strøket over ikke skal gjelde.

### 5. Feltet for ekstra personstemmer til kandidater fra andre lister

Personstemmer til kandidater som ikke finnes på godkjent liste i Bergen/Vestland skal forkastes.

Dersom det ikke er entydig hvilken person stemmen er ment for, skal personstemmen forkastes. I tvilstilfeller vurderes om flere personer har

lignende navn. Er det f.eks. påført etternavn og parti og det kun er en person på aktuell partiliste med dette etternavnet, godkjennes personstemmen.

## **6. Generell stemmeseddel (forhåndsstemmingen)**

- Dersom det ikke er krysset av for parti på seddelen, skal det oppfattes som at velgeren ønsker å stemme blankt.
- På den generelle stemmeseddelen er det mulig å skrive inn et partinavn. Hvis dette partiet stiller liste til det aktuelle valget, godkjennes stemmeseddelen. Hvis partiet ikke stiller liste, må den forkastes.
- Dersom velgeren har benyttet en generell stemmeseddel og har krysset av for et parti som ikke stiller liste i Bergen/Vestland, skal stemmen forkastes.
- Dersom det er krysset av for flere partier skal stemmeseddelen forkastes.

## **7. Blank stemmeseddel og blankt ark**

- Alle stemmesedler som er påført parti som stiller liste i hhv. Bergen og Vestland registreres på parti.
- Stemmesedler som ikke er påført parti registreres som blanke.
- Stemmer i form av ark kan kun godkjennes dersom det er entydig hvilket valg (kommunestyre eller fylkesting) stemmen gjelder for.

**PS 9/19 Ymse**